

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 09.02.15

Vår ref. 135/ 15/BSI/5.7.12

Dykkar ref.: 14/7124-15/2360

Lindås kommune
Arealplan
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

e-mail

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN FOR UTVIDING AV AKVAKULTURANLEGG, REKEVIKI, LINDÅS.

Viser til dykker brev av 03.02.15, med vedlegg vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har vore i kontakt med lokalkjent fiskar.

Generelle merknader

Fiskarlaget Vest registrerer at ein får mange søknader om endra lokalitetar, auka biomasse (MTB) på eksisterande lokalitetar, samt søknad om nye lokalitetar, med m.a. bakgrunn i innføringa av Hardangerfjordforskrifta og inndeling i PD-/ lusesoner.

Fiskarlaget Vest meiner at det ikkje må førast ein bit for bit politikk frå styresmaktene, men at ein må vurdere kva eit **større** område toler av oppdrett i **tillegg til** anna utslepp til sjø.

Oppdrettsnæringa må i utgangspunktet velje gode lokalitetar, som ikkje er i konflikt med fiskerinæringa, slik at det ikkje blir slik at ein forureinar eit området for deretter å søkje om ny plass.

Fiskarlaget Vest meiner òg at styresmaktene må definere kva som er **akseptabel negativ påverknad** frå oppdrettsnæringa på anna næring, her villfisk. men ikkje berre vill laksefisk.

Fiskarlaget Vest vil minne om seiproblematikken, spesielt i høve til garnfiske.

Ein kan ikkje godta at styresmaktene seier at ein har ei berekraftig oppdrettsnæring om ein får kontroll på rømming og luseproblematikken.

Det er òg andre tilhøve som må takast med i ei slik vurdering. Deriblant m.a. bruken av kjemiske avlusningsmiddelet.



Fiskarlaget Vest meiner at det må kome fram på kommuneplankarta kva område som verkeleg blir beslaglagt for anna bruk/næring av eit oppdrettsanlegg, ikkje kun sjøle anlegget.

Oppdrettsnæringa må kontinuerleg arbeide for at ankersistema blir kortast mogeleg innanfor krava som er stilt, for å redusere område som blir bandlagt for anna bruk/næring.

Det er viktig at oppdrettslokalitetar/fortøyninga/fester under vatn som ikkje er i bruk lenger blir rydda skikkeleg.

Lokaliteten Rekeviki

Ifølgje Fiskeridirektoratet sin kartdatabase er det registrert gyteområde for torsk i omsøkt område, og i tillegg gyteområde og område for passiv reiskap(lange) nordaust for anlegget, jf. vedlagde kart.

Det er her kun snakk om anleggsendring.


Ein forutset at fortøyningane blir korstast mogeleg innafor krava som blir sett, og elles visar ein til dei generelle merknadene.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebø
Britt Sæle Instebø

Kopi pr. mail: Nordhordland Fiskarlag
Fiskeridirektoratet region vest

Lindås, Rekeviki (Hodnali)



Målestokk: 1:53 388